



Arkivsak 201202984-6
Arkivnr. 653
Saksh. Moe, Helene og Sandved, David Aasen

Saksgang	Møtedato
Fylkesutvalet - Sommarfullmakt	28.08.2012

NY, HEILSKAPELEG VERDSARVPOLITIKK - FRÅSEGN FRÅ HORDALAND FYLKESKOMMUNE

SAMANDRAG

Miljøverndepartementet har sendt forslag til ein ny heilskapeleg verdsarvpolitikk på høyring.

Bakgrunnen er mellom anna at ein ser behov for å forankre arbeidet med verdsarven betre, både nasjonalt, regionalt og lokalt. Vidare ser ein behov for å tydeleggjere dei ulike rollene, betre rutinar og koordinere arbeidet betre.

I høyringsdokumentet er det forslag til ei organisering med:

- Eit årleg forum – departementas verdsarvutval – på eit tverrsektorielt departementsnivå.
- Eit samarbeidsorgan – verdsarvråd – ved kvart verdsarvområde. Desse skal ha definerte oppgåver, mellom anna å utarbeide og revidere forvaltningsplanar for dei einskilde verdsarvområda, og avgjere korleis dei lokale verdsarvsentra skal utformast.
- Eit verdsarvsenter, som gjerne kan vere del av ein etablert institusjon, for kvart verdsarvområde.
- Ein verdsarvkoordinator ved kvart verdsarvområde.

Vidare har høyringsdokumentet ei rekke andre forslag, mellom anna ein felles mal for forvaltningsplanar, ein felles formidlings- utdannings og informasjonsstrategi, faste, forenkla rapporteringar frå verdsarvområda og styrking av utdanninga i tradisjonshandverk.

Hovudkonklusjonane frå høyringsdokumentet og vurderingar frå høyringsrunden vil bli innarbeidd i ei stortingsmelding for kulturminne som kjem i 2013.

FORSLAG TIL VEDTAK

Fylkesutvalet i Hordaland viser til Miljøverndepartementet sitt høyringsdokument "Ny, helhetlig verdensarvpolitikk", og ber om at følgjande punkt blir lagt til grunn for ein heilskapleg nasjonal verdsarvpolitikk:

1. Som ein del av prosessen med å avklare rollene for ulike sektorar og forvaltningsnivå, må forvaltningsplanane som skal utarbeidast for kvar einskild verdsarvstad òg tydeleg definere virkemidla og kva som er naudsynt av ressursar og kapasitet for å sikre gjennomføring og måloppnåing.
2. Organiseringa av verdsarvråd, verdsarvsenter/formidlingssenter og koordinator ved kvart einskild verdsarvområde må få ei utforming som styrkar den lokale og regionale forankringa og oppfølginga.
3. Ved verdsarvstader der det ikkje allereie er oppretta eit verdsarvråd, bør dette opprettast.
4. For kvar verdsarvstad bør det vere ei heil stilling som verdsarvkoordinator.
5. For kvart verdsarvområde bør det vere eit verdsarvsenter. Dette kan gjerne vere ein del av ein allereie etablert institusjon, som til dømes eit museum.
6. Det bør utviklast eit forpliktande samarbeid mellom internasjonale og nasjonale forskingsmiljø og verdsarvsentra.
7. Eit av verdsarvsentra bør få rolla som status som nasjonalt senter med knutepunktfunksjon. Dette senteret bør vere statleg fullfinansiert, og ha som hovudoppgåve å formidle dei globale verdiane generelt og verdsarven i Norden og Noreg spesielt. Det bør bli vurdert om det nasjonale senteret bør leggjast til Bergen, med nærleik til verdsarvstader og sterke forskings- og formidlingsmiljø.
8. Relevante museumsinstitusjonar i geografisk nærleik bør få ei sentral rolle i formidlinga av verdsarvstadene.
9. På verdsarvstader som har tilknytt høg handverkskompetanse, bør det leggjast til rette for at dei eksisterande handverksmiljøa blir brukt i samband med å utvikle og styrke utdanninga innan tradisjonshandverk.
10. Staten må ta ansvaret for finansieringa av organisatoriske grep og konkrete tiltak ved verdsarvstadene. Dette gjeld mellom anna ein større del av utgiftene til drifta av verdsarvsentra.


Paul M. Nilsen
fylkesrådmann


Anna Elisa Tryti
fylkeskultursjef

Vedlegg: "Ny, helhetlig verdensarvpolitikk", høyringsdokument, Miljøverndepartementet

Med heimel i sommarfullmakt gitt av fylkesutvalet i møte den 21.06. 2012, sak 171/12, gjer eg vedtak i samsvar med fylkesrådmannen sitt forslag.

Bergen, 28.08. 2012


Tom-Christer Nilsen
fylkesordførar

1. Bakgrunn

Miljøverndepartementet meiner det er behov for å synleggjere ansvar, oppgåver, utfordringar, strategiar og tiltak for å nå målsettinga i Stortingsmelding nr. 16 (2004-2005) om at dei norske verdsarvområda skal utviklast som fyrårn for den beste praksisen innan natur- og kulturforvaltning. I desember 2010 tok difor Miljøverndepartementet avgjerda om å sette ned ei arbeidsgruppe for å utarbeide eit framlegg til ein heilskapeleg politikk for forvaltninga av verdsarven i Noreg. Hovudkonklusjonane frå høyringsdokumentet og vurderingar frå høyringsrunden vil bli innarbeidd i ei stortingsmelding for kulturminne som kjem i 2013.

Høyringsfristen er 1. juli. På grunn av streiken i offentleg sektor tidlegare i vår var det ikkje mogeleg å få førebudd ei politisk handsaming i Kultur- og ressursutvalet og i Fylkesutvalet innan høyringsfristen.

2. Vurderingar

Fylkesrådmannen synest det er positivt at Miljøverndepartementet legg forslag til ny verdsarvpolitikk ut på høyring, då det er viktig at ansvar og oppgåver på alle nivå i forvaltninga blir synleggjort og at praktiske handlingar og tiltak blir konkretisert.

Fylkesrådmannen sine kommentarar nedanfor følgjer nummereringa i kapittel 4 i høyringsdokumentet, men dei punkta der ein ikkje har særskilte merknader blir ikkje kommentert.

Kommentarar til kap. 4.2: Organisering, aktørar og samarbeid

Fylkesrådmannen meiner at erfaringane med eit verdsarvråd for Vestnorsk Fjordlandskap med ei politisk-administrativ forankring har gitt eit godt lokalt og regionalt eigarskap til forvaltninga. Fylkesmannen rår til at det blir etablert eit tilsvarande verdsarvråd for Bryggen i Bergen.

- Det skal her understrekast at ein med det *ikkje* tek stilling til korleis Prosjekt skal organiserast i forhold til eit verdsarvråd for Bryggen. Men når det gjeld dei ressursane som er naudsynte for å følgje opp eit verdsarvråd, må desse komme *i tillegg til* dei ressursane som er naudsynte for å følgje opp arbeidet i Prosjekt Bryggen.
- Kva gjeld Prosjekt Bryggen, er det naudsynte arbeidet så omfattande og vil strekke seg over så mange år at ein bør vurdere om det i fortsettinga er tenleg å definere istandsettinga som eit prosjekt. Ein naturleg definisjon kan vere eit istandsettingsprogram eller ei finansieringsordning, kor det blir gitt støtte til istandsetting. Vidare har ei rekke små og store oppgåver og delprosjekt sidan oppstarten i 2000 blitt definert inn som ein del av Prosjekt Bryggen. Dette er alle viktige oppgåver som må takast hand om, men ein bør vurdere om det er naturleg å definere alle inn som del av eitt og same langsiktige prosjekt eller program.

Fylkesrådmannen støttar forslaget om å ha ein koordinatorfunksjon ved kvart einskild verdsarvområde, men meiner at det for kvar verdsarvstad er naudsynt med ein heil stilling som koordinator.

Kommentarar til kap 4.3: Lovverk og forvaltningsplan for verdsarven

Fylkesrådmannen vil understreke at det i utarbeiding av forvaltningsplanar ikkje berre må definierast mål og ansvar for gjennomføring, men òg vurderast kva som konkret vil vere naudsynt for å oppnå dei einskilde måla.

Kommentarar til kap. 4.6: Sentre for verdsarven

Fylkesrådmannen støtter tilrådinga om at det blir etablert verdsarvsentre ved kvart verdsarvområde, at desse sentra formast etter behov og eksisterande infrastruktur lokalt og regionalt, og at dei samarbeider med eller inngår i etablerte institusjonar i lokalsamfunnet. I høyringsdokumentet blir det foreslått at staten finansierer inntil 60 % av driftsutgiftene for verdsarvsentra, men fylkesrådmannen meiner det er naturleg at staten tek eit større finansielt ansvar, då desse verdsarvsentra vil ha ein nasjonal funksjon.

I verdsarvområdet for Vestnorsk fjordlandskap kan ein vurdere å ha to verdsarvsentre, eitt i Nærøyfjorden og eitt i Geiranger.

I verdsarvområdet for Bryggen i Bergen er det naturleg at verdsarvsenteret blir lagt til dei musea som har ein geografisk nærleik til Bryggen; Hanseatisk Museum under den konsoliderte eininga Museum Vest og Bryggens Museum under den konsoliderte eininga Bymuseet i Bergen. Dei nemnde musea har ein god formidlingskompetanse som bør kunne nyttast til å formidle verdsarven.

Fylkesrådmannen tilrår at eit av verdsarvsentra i Noreg får status som nasjonalt senter med knuteunktfunksjon. Det nasjonale senteret bør etablerast og driftast med fullfinansiering av staten. Hovudpåva vil vere formidling av dei globale verdiane generelt, og verdsarven i Norden og Noreg spesielt. Senteret skal drive med kunnskapsbyggande og holdningsskapande arbeid, der ei sentral formidlingsoppgåve må rettast mot å sjå det lokale, partikulære historiene i eit internasjonalt, fellesmenneskeleg perspektiv – og soleis fremje verdsarvkonvensjonen og dei ”eineståande universelle verdiane” som går utover nasjonale grenser og tilhøyrer menneskeslekta si felles arv. Senteret bør vidare ha eit særleg ansvar for å formidle trugslar mot verdsarven, sett både i lokalt og globalt perspektiv.

Kommentarar til kap. 4.7: Formidling

Miljøverndepartementet si tilråding legg opp til at mange av dei nye oppgåvene tilknyta ein ny verdsarvpolitikk blir lagt til hovudstaden. Fylkesrådmannen meiner at verdiskapinga knytt til verdsarven må synleggjerast og at etableringa av ein ny verdsarvpolitikk må få ein klår profil knytt til distrikta der verdsarven faktisk ligg.

Fylkesrådmannen tilrår at følgjande oppgåver blir lagt til, eller koordinerast av, det nasjonale verdsarvsenteret:

- Utarbeide ein felles formidlings-, utdannings-, forskings- og informasjonsstrategi for den norske verdsarven.
- Utvikle ein sentralt nettstad med all relevant informasjon om verdsarven.
- Utvikle basismateriell for informasjon om og formidling av verdsarvkonvensjonen.
- Legge til rette for at relevante museum eller lokale verdsarvsentre blir styrka i arbeidet med å formidle verdsarven.
- Ha eit heilskapeleg oppdrag når det gjelder rettleiing om kultur- og naturarven i relevante verdsarvområde. Oppgåva skal utførast i tett samarbeid med relevant mynde: Sametinget/fylkeskommunane (regionalt kulturminnemynde), Statens naturoppsyn ved aktuelle lokalkontor (naturforvaltningsmynde) og kommunane (arealforvaltningsmynde).

Det bør bli vurdert om senteret bør leggjast til Bergen, som har nærleik til Bryggen, Nærøyfjorden, Tyssedal og Odda, og som vidare har sterke forskings- og formidlingsmiljø.

Kommentarar til kap 4.8: Kunnskap og kompetanse / kap 4.10: Internasjonalt samarbeid

Fylkesrådmannen vil understreke at det er viktig å utvikle eit forpliktande samarbeid mellom interasjonale og nasjonale forskingsmiljø og verdsarvsentra. I Bergen bør til dømes brei forskarkompetanse knyttast til forvaltninga av Bryggen. Det bør setjast av nasjonale forskingsmidlar og midlar frå dei regionale forskingsfonda til dette.

Fylkesrådmannen støttar framlegget om at det blir lagt til rette for eit utdanningstilbod innan tradisjonshandverk. På verdsarvstader som har tilknytt høg handverkskompetanse, bør det leggjast til rette for at dei eksisterande handverksmiljøa blir brukt i samband med å utvikle og styrke eit slikt utdanningstilbod. Dette gjeld mellom anna for Stiftelsen Bryggen, som gjennom ei årrekke har bygd seg opp ein solid handverkskompetanse som bør kunne vidareutviklast og nyttast til å utvikle handverkskompetansen i regionen, nasjonalt og internasjonalt. Gjennom arbeida som blir gjort gjennom Prosjekt Bryggen er det i ferd med å utvikle seg høg kompetanse også for andre utførande partar, og ein bør sjå på om også deira kompetanse kan nyttast i utviklinga av eit utdanningstilbod innan tradisjonshandverk.

Kommentarar til kap 4.9: Skole og utdanning

Fylkesrådmannen meiner at det nasjonale verdsarvsenteret bør få ansvar for koordineringa av arbeidet med at:

- Verdsarvområda får støtte til å utarbeide og tilby besøkspakker eller verdsarvopplevingar i regi av Den kulturelle skulesekken og Den naturlege skulesekken.
- Verdsarvområda skal ha pedagogisk tilrettelagt informasjon til bruk for skulene.

Kommentarar til kap 4.11: Verdiskaping

Fylkesrådmannen er samd i at det bør leggest opp til eit politisk samarbeid mellom alle kommunar med verdsarvområde. På same måte bør det bli lagt til rette for politisk samarbeid mellom fylkeskommunar med verdsarvområde.